



Skjåk kommune

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Vår ref
2015/940/33/033

Dykkar ref:
«REF»

Saksbehandlar
Andrea Brennhaug

Dato
13.12.2016

andrea.brennhaug@skjaak.kommune.no

Referat frå møte i Brukarrådet den 9. desember 2016

Møtestad: Kommunehuset i Bismo – Bispen

Møtetid: 09:00 – 11:00

Forfall: Vidar Vange – vara ikkje innkalla på grunn av kort varsel

Referent: Andrea Brennhaug

Sakliste:
46/16: Godkjenning av innkalling/sakliste og referat
47/16: 1 – 10 skule, orientering ved Ole Vegard Wang
48/16: Orientering om økonomiplan for helse- og omsorg
49/16: Rutiner for reparasjon av hjelpemidler
50/16: Forslag til prosedyre for psykisk helsetjeneste
51/16: Reguleringsplan – Dønfoss camping
52/16: Budsjett for 2017

Sak nr. 46/16

Ingen hadde merknad til innkalling og sakliste

Sak nr. 47/16

Ole Vegard Wang orienterte, og viste fram teikningar og plansjar.

Brukarrådet har merknad til planane.

- Hovedinngang/resepsjon er ikkje godt nok merka.
- Det bør vera ei ledelinje frå hovedinngangsdør til resepsjon. Ole Vegard sender forslaget om ledelinje til arkitekten.

Postadresse
Moavegen 30
2690 Skjåk

Heimeside
www.skjaak.kommune.no
E-post
post@skjaak.kommune.no

Telefon
61217000

Bank
2085.07.40004
Org.nr
961381096



Samrøystes

Sak nr. 48/16

Hilde Reitan orienterte om økonomiplan for helse- og omsorg.

Sak nr. 49/16

På førre møte orienterte Karin Aune Ulen om rutinane for reparasjon av hjelpemidlar. Ho uttrykte ynskje om å få hjelp av vaktmeistrane. Brukarrådet inviterte Ove John Plassen til møte for å snakke om dette.

Brukarrådet hadde spørsmål til Ove John Plassen om ansvarsfordeling når det gjeld reparasjon av hjelpemidlar. Han opplyste at ansvaret ligg fullt og heilt hos heimetenesta. – brukaravtale ligg ved. Det har vore prat om 20% stilling i vaktmesterlaget til dette arbeidet, men nedskjæringar har ikkje gjort det mogleg.

Brukarrådet sender saka attende til Karin Aune Ulen, som blir beden om å ta dette tenesteveg med Gudrun Teigen.

Samrøystes

Sak nr. 50/16

Brukarrådet har fylgjande merknad til forslaget:

- Side 11 i forslaget

- Søsken til personar med nedsett funksjonsevne, psykiske lidingar m.m. – må har rett på forebyggande psykisk helsevern.

- Dette bør liggje i pakka som familien får tildelt av kommunen. Det blir ei meirbelastning for familien å måtte ta dette som ei barnevernssak.

Samrøystes

Sak nr. 51/16

Brukarrådet ynskjer lykke til med prosjektet, og forventar at universell utforming blir utført etter lovverket.

Samrøystes

Sak nr. 52/16

Brukarrådet ynskjer å sende rådmannen ei oppfordring om å ta inn budsjettpost for tapt arbeidsforteneste i budsjettet for 2017, og auke budsjettet i høve dette.

Samrøystes

Kopi til:

Svein Holen